
Vår referanse 2021/53611-2
Dato 02.12.2021

FEDJE KOMMUNE
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

Uttale til endra plassering av avkøyrslø - dispensasjon - fv. 5510 - gnr 168 bnr 88 - Fedje kommune

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg viser til søknad om dispensasjon for plassering av avkøyrslø som de har sendt oss til uttale.

Det er søkt om å flytte avkøyrslø som er regulert med pil i reguleringsplan for Kalvedalen 15 meter lengre aust enn det reguleringsplanen viser. Føremålet er å bygge parkeringsplass der.

Fylkeskommunen har ikkje merknad til flytting av avkøyrslø under føresetnad av at tekniske krav for utforming som sikt, svingradius og drenering vert innfridd. Dersom det vert lagt stikkrenne gjennom avkøyrslø må denne ha stor nok kapasitet og vera utforma slik at dreneringa kan driftast på ein enkel måte. Avkøyrslø må ha ei helling frå fylkesvegen slik at ikkje vatn renn ut i vegbana. Parkeringsplassen må utformast slik at ein ikkje kan parkere i siktsonene, og det må vere snu og manøvreringsareal slik at ein ikkje rygger ut i fylkesvegen,

For tekniske krav viser vi til Forskrift om alminnelige reglar om bygging og vedlikehold av avkøyrslø fra offentleg veg - <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1964-07-16-3905>.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Kari Elster Moen
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift